LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Ottar Lauvås
Mongstadvegen 443
5955 LINDÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 23.09.2019 |
| Vår: 18/2270 - 19/28423 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Retting av førespurnad om tilbakemelding i sak - gbnr 116/15 Lauvås

| | | |
| --- | --- | --- |
| Tiltak: | Mogleg ulovlege tilhøve | |
| Byggjestad: | Gbnr: 116/15 | Mongstadvegen 522 |
| Tiltakshavar: | Ottar Lauvås | |

Kommunen har ved nærare gjennomgang av saka blitt merksam på at førre brev ikkje gav eit rett bilete av saka. Kommunen forstod saka dit at det var ført opp tak over etablert sag på eigedommen og konkluderte med at dette gjaldt rubbhall som det vart gitt mellombels dispensasjon for i 2017. Det viser seg at dette ikkje var ein rett forståelse av saksbilete. Vi beklagar difor det feilaktige innhaldet i førre brev.

Med atterhald om at vi har forstått saka rett ber vi om attendemelding på følgjande:

1. Vi ber om at det vert sendt inn beskrivelse av bruk og drift av mobil sag på eigedommen.
2. Vi ber om attendemelding på om det er etablert søknadspliktige tiltak på eigedommen. T.d. tak over mobil sag.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova.
Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om tilhøvet.

Frist for utgreiing er 11.10.19.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2270

Med helsing

| | |
| --- | --- |
| Siril Sylta | Per Sveinar Morsund |
| avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Synneve Lauvås | Birkebeinergaten 1 | 5003 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ottar Lauvås | Mongstadvegen 443 | 5955 | LINDÅS |